

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		14/1149

Saknr	Utval	Type	Dato
121/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014

### EIGENBETALING FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTER OG HUSLEIGE I OMSORGSBUSTADER 2015

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = ) 88.370,- Pr 1. mai 2014	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 176.740		180,-	0
2G - 3 G «	176.740 – 265.110	62,-	616,-	3
3 G - 4 G «	265.735 – 353.480	78,-	778,-	3
4 G - 5 G «	353.480 – 441.850	116,-	1.159,-	3
over 5 G «	441.850 -----	154,-	1.545,-	3

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

Her vil ein følgja staten sine satsar.

Fastsetting av fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester vil verta

gjort når ein mottar rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

(Rundskriv kjem i desember 2014)

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.682,- pr. mnd. (auke på 3 %)
4. Matombringning/sal av mat:  
  
Kr. 64,- pr. middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim  
Kr. 75,- pr. middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim  
Kr. 35,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012, auke i 2013, uendra i 2014, auke 2015)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert kr. 262,- pr. mnd for 2014.  
(uendra)

Fritak for minstepensjonistar.

6. Eigenbetaling for røykvarslar kopla til tryggleiksalarm vert kr. 28,- pr. mnd for 2015

### **Saksopplysningar:**

- Helse- og omsorgsdepartementet, info om Samhandlingsreforma og nye forskrifter (dagsett 21.12.2011)
- Rundskriv I-1/2014 frå Helse og omsorgsdepartementet frå desember 2013
- Rundskriv med satsar for 2015 har ikkje kome enno.

Satsane for eigenbetaling i pleie og omsorgstenestene skal vedtakast årleg i samband med budsjettvedtak. I pleie og omsorgstenestene er delar av eigenbetalingssatsane fastsett ved forskrift sentralt. Dette gjeld eigenbetaling for opphald i sjukeheim, betaling for medisin, transport osv.

**Det har førebels ikkje kome melding frå sentralt hald om nye satsar for 2015 i endring av fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester. I fjor kom brevet med endringar frå Helse- og omsorgsdepartementet 20 desember. I rådmannen sitt framlegg er det beløpa frå i fjor som er lagt inn, men ein tek atterhald om at desse beløpa vert oppjustert når dei nye satsane ligg føre.**

### **Saksutgreiing:**

#### **Heimetenester**

Staten har fastsett at det ikkje er høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie. For heimehjelp/praktisk bistand i heimen er det sett maksimalsatsar etter inntektsnivå hjå brukaren/husstand.

#### **Satsar for korttidsopphald institusjon for 2015**

**Jfr. rundskriv I-1/2014 frå Helse- og omsorgsdepartementet var eigendelane for 2014 sett til:**

Korttidsopphald kr. 142 pr døgn .

For dag- og nattopphald var eigendelen kr. 74,- pr dag/natt.

Fribeløpet før berekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon var sett til kr. 7.250-.

#### **Framlegg frå rådmannen for 2015:**

**Rådmannen gjer framlegg om at ein føl satsane for 2015 som blir fastsett sentralt og som ein vil få melding om ut i desember.**

#### **Satsar for husleige i omsorgsbustader for 2015**

Satsane for husleige i omsorgsbustadene er til vanleg justert årleg i samband med vurdering av pleie og omsorgstenestene. Tiltaket omsorgsbustader er formelt ein del av pleie og omsorgstenestene. Husleiga kan ikkje aukast fyrste året for dei som bur i omsorgsbustad/kommunal bustad. (jfr. husleigelova)

Eldrerådet har ved fleire høve hatt husleige i omsorgsbustader på saklista og rådd til at husleige ikkje vert auka. Husleiga har vore uendra i 2009, 2010. I 2011 var det ein auke på 3,5 %. For 2012 ingen auke. For 2013 vart husleiga auka med 5 % til kr. 5.357. Husleiga i 2014 vart auka med 3% til 5.517.-

**Framlegg frå rådmannen:**

**Husleiga i omsorgsbustader vert auka med 3 % for 2015 til kr. 5.682,-.**

**Satsane for matombringning**

**Framlegg frå rådmannen for 2015:**

Satsane for matombringning har vore uendra i 2010, 2011 og 2012, men vart vart justert litt opp for 2013. Det var ikkje auke i 2014. Satsane for 2015 vert justert som følgje av løns og prisvekst:

Kr. 64,- pr middag m/dessert

Kr. 75,- pr middag for stor porsjon

Kr. 35,- for frukost

**Tryggleiksalarm**

Jfr. skriv frå Hjelp 24 om prisregulering på tryggleiksalarmar, vart det vedteke ein auke for 2013 på 5 % til kr. 262,-

Hjelp 24 har skifta namn til; SOS International Trygghetssentralen.

Har ikkje fått brev om prisregulering for 2015.

I budsjettet for 2008 vart det gjort vedtak om fritak for minstepensjonistar for tryggleiksalarm.

Rådmannen gjer framlegg om fritak for minstepensjonistar vert oppretthalde.

**Røykvarslar**

Røykvarslar som er kopla mot tryggleiksalarm er eit nytt tilbod i kommune, pris er kr 28,- pr mnd.

**Konklusjon**

Kommunestyret vedtak satsane som dei ligg føre, med justering etter nytt rundskriv frå Helse og omsorgsdepartementet som kjem i desember 2014.

**Formannskapet - 121/2014**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke

**FS - vedtak:**

1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G = )	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
88.370,- Pr 1. mai 2014				
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 176.740		180,-	0
2G - 3 G «	176.740 – 265.110	62,-	616,-	3
3 G - 4 G «	265.735 – 353.480	78,-	778,-	3
4 G - 5 G «	353.480 – 441.850	116,-	1.159,-	3
over 5 G «	441.850 -----	154,-	1.545,-	3

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

Her vil ein følgja staten sine satsar.

Fastsetting av fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester vil verta

gjort når ein mottar rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.  
(Rundskriv kjem i desember 2014)

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.682,- pr. mnd. (auke på 3 %)

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 64,- pr. middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 75,- pr. middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 35,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012, auke i 2013, uendra i 2014, auke 2015)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert kr. 262,- pr. mnd for 2014.

(uendra)

Fritak for minstepensjonistar.

6. Eigenbetaling for røykvarslar kopla til tryggleiksalarm vert kr. 28,- pr. mnd for 2015